

Hordaland Fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

J.nr. 356/14

Ark.nr. 052

Tysseidal, den 25 september 2014

REGIONALPLAN FOR KULTUR – HØYRINGSUTTALE FRÅ NVIM

Dette er ein ambisiøs og utviklingsorientert plan. Målsettinga famnar vidt og gir eit godt grunnlag for satsingsområda i planen.

Slik vi ser det representerer planen ei sentralisering av fylket si verksemd og ei prioritering av område med vekst. Vi saknar omgrep som region og regionsenter. Vi ønskjer at planen skal ha større fokus på regionar som ikkje har vekst.

Bruk av omgrepet «Innsatsområde». Slik det fremstår i planen kan det for oss lesarar sjå ut som om fylkeskommunen opererer med to nivå på omgrepet. Overskrifta til kapittel 5 er «Innsatsområde» og då skulle ein tru at det var desse som utgjør underkapitla i denne delen. Men slik er det ikkje. Dette er forvirrande.

Vi føreset at innsatsområda og tiltaka er sett opp i uprioritert rekkjefølge. Under nokre av satsingsområda er det sett opp svært mange tiltak. Dette kan kanskje forsvarast ved at dette er ein tiårsplan – men det vil vera behov for ei streng prioritering av tiltak.

Vi ser òg ein fare i at det er svært mange innsatsområde og tiltak. I tider med økonomiske nedskjeringar kan ein få konkurranse mellom ulike tiltak og ulike innsatsområde.

Prioritering av tiltak:

Vi tek i det vidare utgangspunkt i delkapittel: 5.5 Kulturminnevern og museum og 5.6 Arkiv.

Innsatsområde 15: Dokumentasjon

Vi saknar musea som ein sentral partner her. Dokumentasjon er ein svært viktig del av musea sitt arbeidsfelt og fleire museum har betydeleg kompetanse på feltet.

Innsatsområde 16: Museumsløft

Det er viktig at så mange av dei prioriterte tiltaka i Regionalplan for museum er ført vidare her.

Merknad til tiltak A(2) Ansvarsmuseum: Musea må sjølve vera part i saka – dette gjeld spesielt tematiske ansvarsmuseum. NVIM sin erfaring er at rolla som tematisk ansvarsmuseum på vasskraft, industri og industristad er noko vi sjølve må synleggjera, ofte i samarbeid med private aktørar. Dette er blitt eit forretningsområde for museet der vi sel kompetansen vår. (Jfr. NVIM - Plan for tematisk ansvarsmuseum 2014)

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum
Naustbakken 7
N-5770 TYSSDAL

Telefon: (+47) 53 65 00 50
Telefaks: (+47) 53 65 00 51
E-post: post@nvim.no

Bankgiro: 3658.07.61113
Org.nr.: NO 971 356 944
Heimeside: www.nvim.no



Det er ein styrke at planen legg opp til eit sterkare samarbeid mellom musea. Dette føreset at fylkeskommunen tek på seg rolla som koordinator i dette arbeidet.

Innsatsområde 17 Dokumentasjon: Musea si rolle på dette feltet må synleggjerast – Det finst mykje kompetanse på dette tema i musea. Dette tiltaket må sjåast i samanheng med tiltak 16A(2).

Generelt om kapittel 5.5

For musea representerer den framlagde planen eit steg tilbake i forhold til Regionalplan for museum. Fordi dette er ein vidare og meir omfattande plan vert fleire tiltak tekne ut og slått saman.

Vi meiner og at innsatsområda i dette delkapitlet i nokon grad går over i kvarandre og kunne vore slått saman. Innsatsområde 18 og 20 kunne vore lagt innunder fleire av dei andre.

Innsatsområde 23 Heilskapleg samfunnsdokumentasjon og 24 Lokalhistorisk arbeid: Å definere dette som arkiv er for snevert. Samstundes kan ein sikra ei brei handsaming av dette feltet fordi musea er trekte inn som partner i dei fleste tiltaka på dette innsatsområdet. Vi ønskjer også at Senter for Industriarkiv bør nemnast som partner i fleire av tiltaka.

Tiltak 25C

Uklare formuleringar. Det bør spesifiserast tidsepoke for innsamling og etablerast innsamlingsplanar for kva materiale dette skal omfatte.

Vi saknar eit fjerde punkt – det bør etablerast felles database for alle digitaliserte foto/filmar. I dag sit institusjonane med store digitale databasar, med manglande rutinar for back-up. Vi føreslår dette som eit fellestiltak i Hordaland.

Prioriterte tiltak framover må vera styrking av musea og sterkare samarbeid mellom institusjonane på ulike felt.

Søknad om driftstilskot:

Etter vår vurdering bør den årlege søknadsprosessen og rapporteringa for musea til fylke og stat samordnast. Dette vil vera ei forenkling og gi meir tid til fagleg arbeid.

Vi gratulerer Hordaland fylkeskommune med ein fyldig og ambisiøs kulturplan, og ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Vi ser fram til framtidig samarbeid.

Med helsing

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Mette Haraldsen